



Lom kommune
Sognefjellsvegen 6
2686 LOM

Saksbehandlar, innvalstelefon

Olav Malmedal, 61 26 61 41

Lom - reguleringsplan Bergomsvegen 17 - Nilsbue - vurdering av motsegn

I brev av 21. april 2023 til andre gongs høyring av reguleringsplan Bergomsvegen 17 – Nilsbue vidareførte Statsforvaltaren si motsegn frå fyrste gongs høyring då reguleringsføresegna ikkje var tydelege nok på støyområdet. Ei føresegn som tillét avvik frå kvalitetskriterier og grenseverdiar skal grunnjevast i planomtala, og det var heller ikkje gjort.

Etter møte med Sander Sælthun frå kommunen, landskapsplanleggar Iselin Ditlevsen Løkken frå Nordplan og Olav Malmedal frå Statsforvaltaren fekk vi 26. mai 2023 oversendt forslag til nytt pkt. 2.10 i planføresegna og nytt kap. 6.7.1 i planomtalen, begge datert 25. mai 2023.

Den nye føresegna sikrar at minimum 75 % av nye bueiningar (her7 av 9) har eitt soverom mot stille side medan resten har soverom mot dempa fasade. Vidare kan bueining som ikkje har tilgang til stille side, ikkje utformast som eittroms leilegheit.

Dette er vidare godt grunngeve i pkt 6.7.1 i planomtalen.

Dersom planen vert vedteken med desse føresegnene og planomtalen, meiner Statsforvaltaren at vår **motsegn er imøtekommen**.

Med helsing

Jørn Karlsen
avdelingsdirektør

Anne Kathrine Fossum (e.f.)
kommunal- og samordningsdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent

